



Det milde veret med opptil 7 plussgrader har utløyst flaum også i Uskedalen og klokka 12.30 vart fylkesvegen på Døslandssido brote 1 kilometer ovanfor krysset med hovudvegen. Her er det no ikkje råd å koma over.

Eit ras vart utløyst av Skiftesbekken som kjem oppifrå Englafjell og er grensebekk mellom Døsland og Fet..

Raset følgde bekken nedover og kapasiteten ved kryssinga av vegen var for liten slik at vannflommen gjekk over. Men truleg er ikkje sjølve vegen øydelagt førebels.

Korleis ein skal gripe an problemet er ikkje klart i skrivande stund.

Det er ikkje første gong det er utløyst ras langs denne bekken. Det skjedde også 4.mars 2001, men då var det eit tørr-ras fortel Arvid Døsland.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)

